
Inga Litimor

- 1) Inga Litimor på handkvedn i kungsgarden mol,
og kveda dei små visone då ljós og liv og sol.
- Aldri nokon kunde kveda
som ho Litimor den unga og dan vena.
- 2) Og adle kungjens sveina vart kadla fy' sin drott,
"Kven va da no som leika so ven ein harpeslått?"
- 6) G: "Fy' kungjen, vetla Inga i dag du kveda skal.
Til løn vil han deg klæda som jomfru i si hall."
- 7) Takk, stor er kungjens gåva og ærefull å få,
men sut og saknad ingjen seg mune kle i frå.
- 9) "Takk, stor er kungjens æra, song fuglen på sin kvist;
men betre vera elska, veit mannabadne visst."
- 13) J: "Når ungje kungjen vel meg då kjærleik til sitt viv,
Fyr eg er konungsdotter, og han sit i min arv."
- 17) Og dar vart vigslé veitsla, og songjen auka på.
og har kje nyst dei slutta, so vare da endå.

Folkevise som kom med i Hulda Garborg si visebok i 1904. Klara Semb laga dansemåte til 10-års jubileet i BUL i Oslo i 1909. Visa er også med i "Norske Folkedansar. Songdansar" av 1985, men med eit nylaga brigde som revisjonsnemnda har laga. Teksten er etter Andreas Lavik i Eksingedalen i Nordhordland.

Dansemåte:

Dans først 2 attersteg og 4 sviktar av neste. Trø V-H på dei to siste for å kome på rett fot for brigdet. Vi held parvis saman med færøytaket, og tar også saman med ledig hand, og dansar 1 gong rundt på staden (guten bakover, jente framover) på 2 bytomfotsteg frå polkamasurka. (Vi song no : "(Aldri) nokon kunde kveda som ho".) Så slepper guten taket med venstre handa, og jente dansar 1 gong rundt på staden motsols under armen på 2 bytomfotsteg frå reinlender. Guten har front mot jente og dansar stega omlag på staden (litt inn og så litt ut av ringen).